



Statens vegvesen

Velkomen til opning av

Eiksundsambandet

laurdag 23. februar 2008

Eiksundsambandet gjev øykommunane Hareid, Ulstein, Sande og Herøy eit ferjefritt vegsamband med fastlandet og eit betre kommunikasjonstilbod for kommunane Ørsta og Volda



Hareid



Herøy



Sande



Ulstein



Volda



Ørsta

Historikk/Fakta

Eiksundsambandet har som mange fjordkryssingsprosjekt ei lang forhistorie. Selskapet Eiksundsambandet AS vart stifta i 1978. I juni 1997 godkjente Stortinget førehandsinnkrevjing av bompengar på ferjestrekninga Eiksund - Rjåneset. Endeleg vedtak om bygging vart gjort av Stortinget 1. februar 2000.

Statens vegvesen har vore byggherre for Eiksundsambandet. Første spadestikk vart markert i Eiksund 24. februar 2003, 25 år etter at Eiksundsambandet AS vart stifta.

Byggjearbeida er gjennomført utan større problem eller alvorlege hendingar. I løpet av byggjetida på 5 år er det arbeid nær 660 000 arbeidstimar.

I anleggsperioden har 16 entreprenørar, som igjen har hatt sine underentreprenørar og leverandørar, hatt kontraktar på prosjektet. Ei blanding av store og mindre entreprisar førte til god konkurranse om oppdraga og gunstige pristilbod. Opphavleg kostnadsoverslag var på 995 mill. kroner omrekna til 2008-kroneverdi, medan sluttkostnadene førebels er rekna til om lag 970 mill. kroner, noko som gir ei innsparing på 25 mill. kroner.

Anlegget

Den samla veglengda på ny riksveg 653 Eiksund-Furene er 14 880 meter.



Eiksundtunnelen:

Eiksundtunnelen er verdas djupaste undersjøiske vegtunnel (-287 meter) og er utstyrt med:

- Kantstein/bankett og 1 meter høg betongkant mot fjellet
- Havarilommer kvar 500 meter, utvida til snunisje på kvar 2 000 meter
- Avbrottsfri straumforsyning
- Naudlys langs eine sida på kvar 62,5 meter
- Naudtelefonar og brannsløkkingsapparat kvar 125 meter
- Tilgang på sløkkevatn 5 stader i tunnelen og utanfor tunnelmunningane
- Raudt stoppsignalblink ved innkjøringane og ved snunisjane
- Fjernstyrte bommar ved innkjøringane
- Variable skilt ved kvar innkjøring og ved snunisjane, markert med blinkande lys
- Kommunikasjonsanlegg for redningsetatane
- RDS-radioanlegg med automatisk talebeskjed og moglegheit for meldingar frå redningsetatane
Skilt med Radio P1 kvar 500 meter startar å blinke ved meldingar
- Mobiltelefondekning, Telenor og Netcom
- Høgdehinder
- 26 ventilasjonsvifter i tunneltaket, kvar på 25 kW. Ventilasjonsretning mot Eika
- Tunnelen har tre kjørefelt på Eiksundsida der stigninga er 9,6 %
På Ørstasida har tunnelen to kjørefelt der stigninga er 7,6%
- Naudbasseng i botn med kapasitet på 2 døgn med innlekkasje ved driftsstans av alle pumper

Eiksundsambandet er sett saman av:

- | | | |
|---|--|-------------|
| 1 | • Veg Eiksund-Eika | 738 meter |
| 2 | • Eiksundbrua | 405 meter |
| 3 | • Eiksundtunnelen | 7 807 meter |
| 4 | • Veg Steignesstranda – Vikaura | 2 928 meter |
| 5 | • Helgehorntunnelen | 1 212 meter |
| 6 | • Veg Hovdevatnet | 1 035 meter |
| 7 | • Morkaåstunnelen | 643 meter |
| 8 | • Veg Furene | 112 meter |
| 9 | • Utbetring av fylkesveg 47 Berkneset – Steignes | 4 300 meter |
| | • Utbetring av E39 med vegkryss Furene | 1 000 meter |
| | • Nye sideveggar | 3 000 meter |
| | • Nye gang- og sykkelveggar | 1 150 meter |

I dei tre tunnelane i Eiksundsambandet, Morkaåstunnelen, Helgehorntunnelen og Eiksundtunnelen, er det:

- sprengt 780 000 kubikkmeter fjell
- brukt 47 648 fjellboltar
- brukt 20 268 kubikkmeter sprøytebetong
- brukt 155 000 kubikkmeter vass- og frostsikring
- brukt 167 000 meter trekkjerøyr
- brukt 1 641 000 kg sementinjeksjon i Eiksundtunnelen

Eiksundbrua:

Eiksundbrua er bygd som såkalla fritt-frambygg-bru og går over sundet mellom Eiksund og øya Eika i Ulstein kommune. Byggjekostnaden er 86 mill. kroner (omrekna til 2008-kroneverdi). Brua er 405 meter lang og 9,3 meter brei og er delt opp i fem spenn på 62 meter, 102 meter, 132 meter, 71 meter og 38 meter. Seglingslaupet er 16 meter høgt og 20 meter breitt.



Finansiering:

Eiksundsambandet vart godkjent i Stortinget 1. februar 2000, med føresetnad om 25 % lokal finansiering. Bompengane kunne maksimalt dekke 20 % (194 mill. kroner omrekna til 2008-kroneverdi), medan 5 % (48,5 mill. kroner omrekna til 2008-kroneverdi) måtte ein dekke inn ved annan lokal finansiering. Pengane vart skaffa til veie gjennom tilskot frå næringslivet, privatpersonar og kommunane Hareid, Herøy, Ulstein, Sande, Volda og Ørsta. Tilskotet frå kommunane vart fordelt etter folketalet. Av samla kostnad på 970 mill. kroner (omrekna til 2008-kroneverdi), er statleg del av finansieringa 75 % (727,5 mill. kroner omrekna til 2008-kroneverdi).



Hensikta

Med Eiksundsambandet får øykommunane Hareid, Herøy, Sande og Ulstein, med ca. 22 000 innbyggjarar, fastlandssamband og blir nærare knytt mot landkommunane Ørsta og Volda, med ca. 18 000 innbyggjarar. Ferjestrekninga Eiksund-Rjåneset vert lagt ned og med Kvivsvegen på plass om nokre år, blir reisetida til dømes til Oslo redusert med over ein time.

Eiksundsambandet gir eit betre kommunikasjonstilbod og lettare tilgjenge til:

- eit variert skuletilbod
- ein utvida og variert arbeidsmarknad
- betre lege- og sjukehusenester
- eit utvida og betre handelstilbod
- eit utvida tilbod innanfor offentlege og private tenester
- attraktive friluftsområde i fjellet og ved sjøen
- eit aktivt og høgt utvikla industrimiljø innanfor skipsbygging og mekanisk industri
- fiskeriverksemd



Tryggleikstips når du kjører i tunnel

Når du kjem til ein tunnel

- Sjekk drivstoffmengda
- Lytt til radiostasjonen som er vist på skiltet
- Slå på hovudlys. Ta av solbriller
- Følg lyssignal og kjørefeltsignal
- Hald sikker avstand til kjøretøyet framom
- Ikkje snu eller rygg
- Ikkje stopp – berre i naudsituasjonar

Når du står i kø i ein tunnel

- Slå på naudblinklyset
- Hald avstand, sjølv om køa går sakte eller er stansa
- Skru av motoren når køa vert ståande stille (i til dømes meir enn 5 minutt)
- Lytt til meldingar på radio
- Følg instruksjonane som vert gitt på radio eller variable skilttavler

Teknisk feil eller ulukke

- Skru på varsellysa
- Prøv å kjøre til ei havarilomme eller ut til sida
- Slå av motoren
- Gå frå kjøretøyet
- Gje førstehjelp til skadde personar
- Varsle og tilkalle hjelp frå ein av naudtelefonane

Brann i kjøretøyet

- Vert det brann i kjøretøyet ditt, må du prøve å kjøre ut av tunnelen eller til sida
- Skru av tenninga, skru på varsellysa og gå ut av bilen
- Be om hjelp. Bruk helst naudtelefonen
- Prøv å slokk brannen med eige brannslökkingsapparat eller bruk eit av apparata som du finn i naudskapa
- Om naudsynt, gje førstehjelp til skadde personar
- Gå så raskt som mogleg ut av tunnelen i motsatt retning som røyken bles



PROGRAM – Opning laurdag 23. februar 2008

Kl. 10.00 - 12.00 Arrangement og kulturinnslag ved opningsstaden på Eiksund (Eika)

Kl. 12.00 Offisiell opning av rv. 653 Eiksundsambandet

- Velkomen v/ ordførar Hannelore Måseide i Ulstein kommune
- Regionveg sjef Berit Brendskog Lied taler
- Kulturinnslag
- Samferdselsminister Liv Signe Navarsete står for den offisielle opninga
- Nasjonalsangen
- Korpsmusikk

Kl. 12.45 Buss- og bilkortesjen kjører Eika - Furene - Eiksund - Ulsteinvik

Kl. 14.00 Eiksundsambandet vert opna for ordinær trafikk

Andre arrangement

Konsert med felleskoret "Eiksundsamklangen"

Søndag 24. februar kl. 16.30 Herøy kyrkje

Søndag 24. februar kl. 19.30 Volda kyrkje

Næringslivsseminar "Treffpunkt Eiksund" 22. februar

Stad: Ulstein Hotell/Ulstein Kulturhus - Kinosalen

Tema: "I morgon opnar Eiksundsambandet – nye tider for verdiskaping og sysselsetting"

"Før siste ferja går"

Kulturarrangement som Dei Nynorske Festspela skipar til i Ivar Aasen-tunet om kvelden 22. februar

Kultur langs ferdaveg

Søndag 30. mars - Sjøborg Kulturhus, Ulsteinvik

Minimesse med utstillarar frå 12 kommunar

Tema: Reise- og kulturliv, jobb, natur og utdanning

Ørsta kino ønskjer velkomen til "Tunnelfestival" laurdag 23. februar

I samband med opninga av Eiksundsambandet arrangerer Ørsta kino ein mini-filmfestival for å markere hendinga. Rett etter at sambandet har opna for vanleg trafikk ca. kl 14.00 startar Tunnelfestivalen opp med «supertunnelfestivalprisar» – berre 35 kroner per film!

Les meir om festivalen og filmene på www.orsta.kulturhus.no

Velkomen!